



STATENS SIVILRETTSFORVALTNING

# Årsrapport 2014



## Innhold

1. MELDING FRÅ LEIAREN .....	2
2. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL.....	4
3. AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET.....	6
3.1 Verjemål.....	6
3.2 Valdsoffererstatning.....	9
3.3 Erstatning etter strafforfølging.....	12
3.4 Fri rettshjelp .....	13
3.5 Rettferdsvederlag.....	15
3.6 Sekretariatet for Den rettsmedisinske kommisjonen.....	16
3.7 Sekretariatet for Barnesakkunnig kommisjon.....	17
3.8 Andre fagfelt.....	17
3.9 Forklaring av ressursbruk .....	18
4. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA .....	20
5. VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER.....	22
6. ÅRSREKNESKAP .....	24

## 1. MELDING FRÅ LEIAREN

2014 har vore prega av eit svært høgt aktivitetsnivå i Statens sivilrettsforvaltning. Verksemda kan totalt vise til stor grad av måloppnåing. Fagområda valdsoffererstatning og i særleg grad verjemål har vore prioriterte område. Det har vore to hovudprioriteringar for fagområdet verjemål. Det eine har vore å få sett verjemålsavdelinga fagleg og administrativt. Det er gjennomført mange og store rekrutteringsprosessar, og heile ni nye medarbeidarar er tilsette, blant anna ny leiar av verjemålsavdelinga. Dette har kravd mykje tid og ressursar. Internt har det vore ei stor utfordring å skape rom for å gjennomføre nødvendige utviklingstiltak organisatorisk, administrativt og kompetansemessig som det er naturleg å krevje i ei så nyetablert avdeling.

Den andre hovudprioriteringa har vore arbeidet ut mot fylkesmennene. I tråd med føringane frå departementet har Statens sivilrettsforvaltning gjennomført besøk til alle 18 fylkesmannsembeta, det er halde fleire større fellesmøte med representantar for embeta, og det er også gjennomført meir ad-hoc-prega møte. Eg har også teke del på to fylkesmannsmøte. Av større reint faglege oppgåver vil eg særleg trekkje fram arbeidet med å etablere eit opplegg for etatsstyringa av embeta. Totalt sett vurderer eg det slik at det er lagt ned mykje godt arbeid gjennom året for å ta hand om måla for etableringa av sentralt verjemålsorgan. Etableringa av dette fagområdet er likevel kommen noko kortare enn eg hadde håpa. Eg viser elles til nærare omtale av verjemålsfeltet i kapittel 3.1.

For meg som leiar har det vore svært viktig å vere tett på drifta, og det gir andre utfordringar å leie ei verksemd med ei avdeling plassert ein annan stad enn resten av verksemda. Den sterke merksemda om verjemålsfeltet med dei utfordringane som høyrer til, har medverka til at vi har etablert funksjonen som assisterande direktør i verksemda for å halde oppe tilstrekkeleg merksemd frå det øvste leiarnivået. I tillegg er det tilsett ny leiar i erstatningsavdelinga. Endringane i leiinga for verksemda har gjort det nødvendig å ha merksemda på å utvikle leiargruppa.

Valdsoffererstatningsfeltet har også vore prioritert, og talet på behandla klagesaker er det høgaste sidan fagfeltet blei lagt til Statens sivilrettsforvaltning. At nemnda har delegert større avgjerdsmynde til Statens sivilrettsforvaltning, har vore avgjerande for å kunne behandle fleire saker. Vi har tidlegare varsla at vi meiner det er behov for å vurdere valdsoffererstatningslova, og vi ser fram til det utgreiingsarbeidet som no er sett i verk. Særleg i eit ressursperspektiv peiker eg på at det er grunn til å vurdere organiseringa i dag med nemndsbehandling av klagesakene.

Statens sivilrettsforvaltning fylte ti år i 2014. Verksemda har vore i sterk utvikling sidan opprettinga i 2004. Nytt i 2014 er at Statens sivilrettsforvaltning tok over ansvaret for å forvalte garantiordninga for bubehandling ved mistanke om økonomisk kriminalitet. I tillegg er rolla som sekretariat for det nyoppretta innstillingsrådet for Den rettsmedisinske kommisjonen lagd til oss. Verksemda er i dag innretta på ein måte som har skapt behov for ein formalisert og langsiktig strategiplan, som blei vedteken i mars. Strategiplanen legg eit viktig grunnlag for retning og overordna føringar for dei neste fire åra. Evna verksemda har til å oppnå fastsette resultatkrav ut ifrå dei utfordringane som er nemnde, blir styrkte ved konsistente og formaliserte styringssignalar. Vi opplever det derfor som positivt at departementet har auka merksemda på å utvikle styringsdialogen. Eg vil elles peike på at Statens sivilrettsforvaltning sidan 2012 har hatt ein heilt nødvendig mellombels auke i driftsløyvinga. Dette gir likevel ei styringsutfordring som også kan påverke resultatoppnåinga, blant anna fordi bemanningsplanlegging og evna til å halde på tilsette med god kompetanse blir utfordrande. Som ledd i å motverke dette har fleire i 2014 fått tilbod om fast tilsetjing.

Oslo, 16. februar 2015

A handwritten signature in blue ink that reads "Anne Pauline Jensen". The signature is written in a cursive style and ends with a long, horizontal flourish.

Anne Pauline Jensen  
direktør

## 2. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

Statens sivilrettsforvaltning er eit statleg forvaltningsorgan som ligg under Justisdepartementet og har direktoratsfunksjon som sentralt verjemålsorgan. Arbeidsoppgåvene våre er i stor grad knytte til å behandle enkeltsaker. Statens sivilrettsforvaltning har vedtakskompetanse innanfor følgjande sivilrettslege felt: verjemål, rettshjelp, erstatning etter strafforfølgning, tomtefeste, stadfesting av testamentar og saker etter valdsoffererstatningslova. Vedtaka i Statens sivilrettsforvaltning blir publiserte på Lovdata.

Statens sivilrettsforvaltning har også sekretariatsfunksjonen for Erstatningsnemnda for valdsoffer, Stortingets utval for rettferdsvederlag, Den rettsmedisinske kommisjonen, Barnesakkunnig kommisjon og Konkursrådet.

Visjonen for Statens sivilrettsforvaltning er å vere ei leiande kunnskapsbedrift i justissektoren.

Hovudmål for 2014 er å bidra til:

- *god rettstryggleik for individ og grupper*
- *ein meir effektiv og publikumsvennleg justissektor*

For perioden 2014–2017 har verksemda peikt ut følgjande satsingsområde:

- å vere ei samla og formålstenleg organisert verksemd
- å vere eit velfungerande sentralt verjemålsorgan
- utvikle rolla som kompetansesenter
- optimalisere oppgåveløysinga

Statens sivilrettsforvaltning har 63 tilsette fordelte på 59,4 årsverk og er lokalisert i Oslo og på Hamar (verjemålsavdelinga). Statens sivilrettsforvaltning er organisert i fire avdelingar, og leiinga er sett saman av:

- direktør: Anne Pauline Jensen
- assisterande direktør: Thomas Laurendz Bornø
- avdelingsdirektør verjemålsavdelinga: Anne Live Jensvoll
- avdelingsdirektør erstatningsavdelinga: Kristina Kjefferud
- avdelingsdirektør rettshjelpsavdelinga: Wenche Bjørland
- avdelingsdirektør administrasjonsavdelinga: Trond Bigseth

**Figur 2.1 Organisasjonskart**


Sentrale volumtal for verksemda kjem fram i tabellen under.

**Tabell 2.1 Sentrale volumtall for verksemda**

Volumtal	2014	2013	2012	2011	2010
Innkomne klagesaker vald	1347	1239	1004	671	695
Innkomne klagesaker verjemål	526	131	-	-	-
Innkomne saker alle saksfelt totalt	11646	10893	10392	11271	10417

Nøkkeltala i tabell 2.2 byggjer på informasjon frå del 6 årsrekneskap.

**Tabell 2.2 Nøkkeltal**

Nøkkeltall	2014	2013	2012	2011	2010
Tal årsverk	59,4	60,3	50,1	47,2	43,0
Tildeling kap. 473 (mill. kr)	45,5	41,3	41,5	34,1	33,6
Tildeling kap. 469 (mill. kr)	13,8	12,9	4,3	0,3	-
Driftsutgifter kap. 473/469 (mill. kr)	56,8	54,3	45,4	35,0	33,6
Lønnsdel av driftsutgifter totalt kap. 473/469	72,5 %	71,0 %	67,1 %	75,4 %	70,8 %

### 3. AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

#### 3.1 Verjemål

Verjemålsavdelinga har vore i ein utviklingsfase gjennom året. Ny leiar for avdelinga begynte hausten 2014, og stordelen av året var avdelinga utan fast leiar. I perioden er det i tillegg tilsett åtte medarbeidarar innanfor ulike fagfelt (juridisk, etatsstyring og applikasjonsforvaltning). I kombinasjon med ein utstrekt kontakt med embeta, også gjennom 18 embetsbesøk, og det at vi har gitt frå oss ikkje ubetydelege ressursar til prosjektet med verjemålsapplikasjonen, har arbeidet vore krevjande. Dette gjeld særleg fordi vi har vore i ein situasjon der inngangen av klagesaker har blitt vesentleg større enn saksmengda vi har venta. Etter gjennomført anbodskonkurranse er det vidare inngått avtale med revisjonsfirmaet EY for det nasjonale revisoroppdraget på verjemålsfeltet.

Tabellen under viser ei oppstilling av mål, styringsparametrar og oppgåver på verjemålsfeltet fastsette av Justis- og beredskapsdepartementet i tildelingsbrevet for 2014.

**Tabell 3.1 Mål, styringsparametrar og oppgåver**

Hovudmål 1	God rettstryggleik for individ og grupper	
Delmål 1.2	God rettstryggleik for dei som ikkje kan ta hand om egne interesser	
Styringsparametrar	Resultatindikator	Resultatkrav
Resultatmål: Ei velfungerande verjemålsforvaltning		
SP1	Ei trygg og forsvarleg kapitalforvaltning	Statens sivilrettsforvaltning skal sikre god informasjonsflyt mellom bankane og fylkesmannen.
SP2	Auka rettslikskap i landet	Statens sivilrettsforvaltning skal utarbeide instruksar og retningslinjer på verjemålsområdet.
SP3	Rettsikker klagebehandling	Statens sivilrettsforvaltning skal vidareutvikle det sentrale verjemålsorganet, medrekna sikre nødvendig kompetanse og etablere rutinar for intern kontroll.
SP4	Ein godt fungerande verjemålsapplikasjon	Statens sivilrettsforvaltning skal hjelpe til i arbeidet med å gjere ferdig og vidareutvikle verjemålsapplikasjonen.
SP5	Ein god styringsdialog med og oppfølging av fylkesmannen	Statens sivilrettsforvaltning skal gjennomføre styringsmøte med fylkesmannen og gjennomføre individuelle besøk hos alle embeta.
Andre oppgåver		
O1	Statens sivilrettsforvaltning skal stå for forvaltninga av det nasjonale tryggleiksfondet i samsvar med aktuelle føresegner og retningslinjer.	
O2	Statens sivilrettsforvaltning skal gjennomføre minst eitt møte med aktuelle brukarorganisasjonar, pårørandeorganisasjonar og interesseorganisasjonar.	
O3	Statens sivilrettsforvaltning skal førebu ei formålstenleg overføring av drifts- og vedlikehaldsansvaret for verjemålsapplikasjonen frå departementet til Statens sivilrettsforvaltning når dette blir aktuelt.	

#### Styringsparametrar og resultatkrav, jf. tildelingsbrevet 2014

**SP1:** Ei trygg og forsvarleg kapitalforvaltning. **Resultatkrav:** Statens sivilrettsforvaltning skal sikre god informasjonsflyt mellom bankane og fylkesmannen.

Statens sivilrettsforvaltning sikrar informasjonsflyt mellom bankar og fylkesmenn blant anna ved heile tida å leggje ut informasjon om rentetilbod og anna på verjemålsportalen, [www.vergemal.no](http://www.vergemal.no). Verjemålsportalen er ein viktig informasjonskanal for alle aktørane på

verjemålsområdet. I tillegg formidlar vi informasjon til bankar og fylkesmenn per e-post. Det er også utnemnt kontaktpersonar hos fylkesmennene og i bankar som skal ta hand om informasjonen mellom dei.

**SP2: Auka rettstryggleik i landet. Resultatkrav:** Statens sivilrettsforvaltning skal utarbeide instruksar og retningslinjer på verjemålsområdet.

Frå hausten 2014 blir det publisert presedenssaker på Lovdata. Alle vedtak fatta i klagesaksbehandlinga i perioden frå 1. september til 30. november er publiserte på Lovdata PRO. Det er også publisert tre nyheitsbrev som blant anna inneheld retningslinjer og praksis for saksbehandling. Rundskriv om verjegodtgjering er revidert i 2014. Det er også sett i verk eit arbeid med å revidere regelboka for plasseringsordning for verjemålsmidlar i bank.

Det er gjennomført eit fagmøte der alle fylkesmannsembeta var representerte. Faglege spørsmål og saksbehandlingspraksis blei gått gjennom og diskutert. I tillegg har SRF vore representert på fleire regionsamlingar for å informere om retningslinjer og presedenssaker og for å få innspel og erfaringar.

Det blei utarbeidd mal for kontrollane i verjemålsapplikasjonen, og retningslinjer for verjerekneskap blei reviderte av Statens sivilrettsforvaltning i forkant av ekstern revisjon. EY har i fire embete revidert kontrollen fylkesmennene har av verjerekneskapar, i tråd med standard for attestasjonsoppdrag (ISAE 3000). Hovudfunna i revisjonen var at fylkesmennene gjennomfører verjerekneskapskontrollen ulikt og har ulik terskel for å godkjenne verjerekneskap. Som følgje av revisjonen blei det sett i gang ein gjennomgang av endringar med sikte på å betre systemet for verjerekneskapskontrollar.

**SP 3: Rettssikker klagesaksbehandling. Resultatkrav:** Statens sivilrettsforvaltning skal vidareutvikle det sentrale verjemålsorganet, til dette høyrer å sikre nødvendig kompetanse og etablere rutinar for intern kontroll.

Talet på innkomne klagesaker har vore betydeleg større enn det som blei lagt til grunn før reforma tok til å gjelde. I samsvar med sluttrapporten frå forprosjektet blei 300–500 klagesaker lagde til grunn for bemanninga av Statens sivilrettsforvaltning. I 2014 var saksinngangen 526 klagesaker på verjemålsområdet, og det blei fatta 225 vedtak. Restansen per 31. desember 2014 er på 336 saker, mot 35 saker ved utgangen av 2013. Alle dei ubehandla sakene er komne inn i 2014, og saksbehandlingstida er no på om lag seks–sju månader. Auken av innkomne saker er hovudforklaringa på den lange saksbehandlingstida og restansesituasjonen.

Merksemnda har særleg vore retta mot å sikre god kvalitet i klagesaksbehandlinga. Vedtak Statens sivilrettsforvaltning fattar på verjemålsområdet, set «praksis» i embeta. God kvalitet i klagesaksbehandlinga er derfor viktig utover kvar enkelt sak. For at Statens sivilrettsforvaltning skal bidra til å sikre god rettstryggleik og auka rettslikskap i landet, må embeta få kjennskap til innhaldet og avklaringane i vedtaka. Dette er det teke hand om gjennom faglege avklaringar i nyheitsbrev og ved å leggje sjølve vedtaka ut på Lovdata. Fleire nyttilsetjingar ultimo 2014 vil gjere det mogleg å auke ressursbruken på klagesaksbehandlinga i 2015.

Det har vore arbeidd med å etablere eit fagforum for verjemål (FAVE) sett saman av ein representant frå kvar region. Forumet skal vere ei rådgivande gruppe som Statens sivilrettsforvaltning kan spele på innanfor det juridiske området. Embeta blei bedne om å komme med framlegg til kandidatar i desember 2014. Statens sivilrettsforvaltning nemner opp representantane på nyåret 2015.



**SP4: Ein godt fungerande verjemålsapplikasjon. Resultatkrav:** Statens sivilrettsforvaltning skal hjelpe til i arbeidet med å gjere ferdig og utvikle verjemålsapplikasjonen vidare.

Fem medarbeidarar frå SRF, til saman i overkant av to årsverk har hjelpt til i arbeidet med verjemålsapplikasjonen. I tillegg er fagpersonar i SRF involverte i enkelte problemstillingar i prosjektet. Statens sivilrettsforvaltning har gjennom dataprojektet hjelpt embeta med å rydde opp og kvalitetssikre datafangsten. På grunn av at embeta har måtta finne eigne løysingar for å handtere at applikasjonen ikkje har fungert som forventa, er det etablert mange ulike praktiske tilpassingar. Moglege utfordringar knytte til denne problematikken kjem til å bli følgt opp i 2014.

Verjemålsapplikasjonen er framleis ikkje godkjend av Justis- og beredskapsdepartementet.

**SP5: Ein god styringsdialog med og oppfølging av fylkesmannen. Resultatkrav:** Statens sivilrettsforvaltning skal gjennomføre styringsmøte med fylkesmannen og gjere individuelle besøk hos alle embeta.

Statens sivilrettsforvaltning har gjennomført to styringsmøte med alle fylkesmannsembeta til stades. I tillegg er det også arrangert eit statusmøte/informasjonsmøte. Det er gjennomført embetsbesøk i alle fylkesmannsembeta gjennom 2014.

Embetsbesøka, fagmøta/styringsmøta og møta med interesseorganisasjonane har vore prega av gode dialogar og nyttig informasjonsutveksling. Tema under embetsbesøka har blant anna vore organisering, ressursbruk, saksbehandlingstid, risikovurderingar og særlege utfordringar, intern kompetanse, tilgjenge for brukarane, kapitalforvaltning og saksbehandling elles. Gjennom dialogen med embeta har Statens sivilrettsforvaltning fått verdifull innsikt i arbeidet og utfordringane for førstelinja. Dette blir nærare omtalt i årsmeldinga for verjemålsområdet.

I 2014 har Statens sivilrettsforvaltning utarbeidd eit framlegg til opplegg for etatsstyring og tilsyn av fylkesmennene. Framlegget har vore på høyring i Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og hos fylkesmannsrepresentantane, og alle har – med mindre justeringar og presiseringar – slutta seg til framlegget. Opplegget for etatsstyring av fylkesmennene kjem til å bli sett i verk frå og med 2015.

#### **Andre oppgåver i tildelingsbrevet**

Nasjonalt tryggleiksfond blir forvalta i samsvar med *instruks om nasjonalt sikkerhetsfond vergemål*, fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet. Per 31.13.14 er det kr 92 474 345 til forvaltning. Det er utbetalt kr 161 388 frå Nasjonalt tryggleiksfond i 2014.

Utbetalingane kjem av feilaktige innbetalingar til fondet frå eit overformynderi. Det er ikkje betalt ut midlar som erstatning for tap. I vedlegg 2 følgjer årsrekneskapen for fondet.

Statens sivilrettsforvaltning har hatt to møte med aktuelle brukar- og interesseorganisasjonar.

Overføringa av verjemålsapplikasjonen til Statens sivilrettsforvaltning er utsett til 2. tertial 2015. Statens sivilrettsforvaltning har begynt på arbeidet med å etablere eit mottaksprosjekt som skal førebu ei formålstenleg overføring av drifts- og vedlikehaldsansvaret for applikasjonen. Stillinga som forvaltningsansvarleg for applikasjonen er blitt lyst ut.

## 3.2 Valdsoffererstatning

Formålet med valdsoffererstatning frå staten er å hjelpe dei som er råka, slik at valdsoffera ikkje skal bere tapet av den straffbare handlinga, sjølv når skadevaldaren ikkje gjer opp for seg eller andre støtteordningar ikkje gir full dekning.

Valdsoffererstatningsordninga er blitt utvida gjennom fleire forskrifts- og lovendringar. Rettskjeldebiletet er i dag fragmentert, og det kan vere ei utfordring for valdsoffer og andre å orientere seg om regelverket. Erstatningsutbetalingane har auka markant etter terrorhendingsane i 2011. Staten betalte i 2013 ut over ein halv milliard kroner i valdsoffererstatning. Ei slik velferdsordning krev eit tydeleg og tilgjengeleg regelverk. Statens sivilrettsforvaltning ser behovet for og har gitt innspel til revisjon av rettsreglar som regulerer valdsoffererstatningsordninga, sjå også del 5.

Som eit ledd i å effektivisere arbeidet med valdsoffererstatningssaker er Statens sivilrettsforvaltning oppteken av å optimalisere den elektroniske saksbehandlingsprosessen. I 2014 har elektronisk dokumentutveksling (EDU) blitt implementert med fleire samarbeidande instansar. Tenesta gir sikker og rask dokumentoverføring. Vi har likevel ikkje oppnådd full effekt av EDU i vår samhandling med Kontoret for valdsoffererstatning (KFV), som framleis har utfordringar knytte til oversending av klagesaker hit. Den mellombelse løysinga, som inneber at klagesakene frå KFV blir sende over ved hjelp av krypterte minnepinnar, gir framleis eit betydeleg meirarbeid i Statens sivilrettsforvaltning. Målsetjinga vår om å redusere ressursane som går med til manuell saksregistrering, er derfor ikkje oppnådd. Vi vil i 2015 samarbeide med KFV for om mogleg å medverke til full implementering og optimalt utbytte av løysinga.

Tabellen nedanfor viser mål, styringsparametrar og rapporteringskrav på valdsoffererstatningsfeltet fastsette av Justis- og beredskapsdepartementet i tildelingsbrev for 2014, og også resultatata til Statens sivilrettsforvaltning.

**Tabell 3.2.1 Mål, styringsparametrar og rapporteringskrav**

Hovudmål 1	God rettstryggleik for individ og grupper		
Delmål 1.2	God rettstryggleik for kriminalitetsoffer		
Styringsparametrar	Resultatkrav		Resultat 2014
Resultatmål: Effektiv behandling av valdsoffererstatningssaker			
SP6	Saksbehandlingstid for klager som blir behandla i nemnda	Skal behandlast ferdig innan seks md.	36 %
SP7	Saksbehandlingstid for klager som blir behandla i SRF	Skal behandlast ferdig innan fire md.	75 %
Resultatmål: Høgt fagleg nivå i saksbehandlingsprosessen av valdsoffererstatningssaker			
R6	Tal søksmål		
R7	Del vedtak som blir gjorde om av domstolen, eller som blir kritiserte av Sivilombodsmannen, og tekstleg omtale av kva omgjeringa og kritikken har innehalde		

### Resultatmål: Effektiv behandling av valdsoffererstatningssaker

**SP6:** Saksbehandlingstid for klager som blir behandla i nemnda. **Resultatkrav:** Skal behandlast ferdig innan seks månader.

Erstatningsnemnda for valdsoffer oppfylte resultatkravet om ei saksbehandlingstid på seks måneder i 36 prosent av sakene. Det er ein nedgang frå året før, da 65 prosent av sakene møtte kravet. Det at færre saker blir behandla innanfor kravet til saksbehandlingstid, må vi sjå i samanheng med at inngangen av saker aukar, at fleire av sakene er prinsipielle, og at nemnda behandlar saker i månadlege møte – for tida over to dagar. Den store auken i talet på klagesaker fører til at ordninga med nemndsbehandling ikkje er effektiv. Sakene er gjennomgåande ferdig førebudde av Statens sivilrettsforvaltning éin til to månader før nemndsmøtet. Det har gjennom året vore ei ventetid på inntil tre månader for saker som skal behandlast i nemnda. Ei slik ventetid gir tilsvarande auka saksbehandlingstid. 89 prosent av sakene som er avgjorde i nemnda, var ferdigstilte innan åtte månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i nemnda var seks månader.

**SP7: Saksbehandlingstid for klager som blir behandla i SRF. Resultatkrav: Skal behandlast ferdig innan fire månader.**

Statens sivilrettsforvaltning har i 2014 avgjort ein vesentleg større del av klagesakene med heimel i fullmakt frå nemnda. 64 prosent av klagesakene er avgjorde av Statens sivilrettsforvaltning, mot 39 prosent året før.

Av saker som blei avgjorde av Statens sivilrettsforvaltning, er 75 prosent innanfor resultatkravet. Det er ein nedgang frå 83 prosent i 2013. Vi må sjå nedgangen i samanheng med at saksmengda har auka vesentleg. I tillegg er ein større del tidkrevjande og komplekse saker avgjorde av Statens sivilrettsforvaltning på grunn av utvida delegering. Totalt 97 prosent av sakene er behandla av Statens sivilrettsforvaltning innan seks månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var her to månader.

Samla gjennomsnittleg saksbehandlingstid i alle klagesaker var fire månader i 2014, som er uendra frå 2013.

**Tabell 3.2.2 Resultat 2010–2014**

Resultat	2014	2013	2012	2011	2010
Innkomne klagesaker	<b>1347</b>	1239	1004	672	695
Behandla klagesaker	<b>1424</b>	1166	1036	572	582
Restanse	<b>352</b>	415	410	350	205
Saksbehandlingstid Erstatningsnemnda	<b>6md.</b>	5md.	6md.	7md.	5md.
Saksbehandlingstid Statens sivilrettsforvaltning	<b>2md.</b>	2md.	2md.	3md.	2md.
Del behandla av Statens sivilrettsforvaltning	<b>64 %</b>	39 %	30 %	33 %	24 %
Del klager som får medhald	<b>25 %</b>	28 %	28 %	23 %	23 %
Tilkjend erstatning i klageomgang (mill. kr)	<b>27,0</b>	25,4	21,4	10,3	9,1

Talet på klagesaker er fordobla dei siste fem åra. Utviklinga har samanheng med terroråtalet i 2011, og også truleg større kjennskap til ordninga i befolkninga. Talet på behandla klagesaker er 1424. Saksbehandlingsskapiteten har auka vesentleg dei siste fem åra og møter auken i inngangen av klagesaker, jf. tabell 3.2.2.

I tillegg til klagesakene har Statens sivilrettsforvaltning og nemnda fått 192 klager om tilleggserstatning, omgjeringskrav og sakskostnadskrav, slik at det totalt er komme inn 1538 saker i 2014, mot totalt 1362 saker i 2013.

Statens sivilrettsforvaltning og nemnda har i 2014 avgjort totalt 1621 saker, når vi inkluderer klager om tilleggserstatning, omgjeringskrav og sakskostnadskrav. Tilsvarande tal i 2014 var 1309.

Produksjonsveksten er eit resultat av styrkte saksbehandlarressursar, interne effektiviseringstiltak, auka bruk av digitale tenester, men særleg at ein vesentleg større del av sakene blir avgjorde av Statens sivilrettsforvaltning etter delegert mynde. Rutinar er forenkla både for saksbehandlinga og kvalitetssikringa.

**Tabell 3.2.3 Fordeling behandla saker**

	2014		2013	
	Behandla	Del	Behandla	Del
Klagesaker og regresskrav, Erstatningsnemnda	487	34 %	651	56 %
22. juli-saker, Erstatningsnemnda	33	2 %	60	5 %
Behandla av Erstatningsnemnda	520	36 %	711	61 %
Klager og regresskrav, Statens sivilrettsforvaltning	886	63 %	407	35 %
22. juli-saker, Statens sivilrettsforvaltning	18	1 %	48	4 %
Behandla av Statens sivilrettsforvaltning	904	64 %	455	39 %
Totalt behandla	1424	100 %	1166	100 %

**Resultatmål: Høgt fagleg nivå i saksbehandlinga av valdsoffererstatningssaker**

Mindre enn éin prosent av sakene blir omgjorde av Sivilombodsmannen eller domstolen, sjå nærare omtale nedanfor.

Delen klager som blir gitt medhald, var 25 prosent i 2014 og har vore stabilt dei siste fem åra, jf. tabell 3.2.2. Forholdet illustrerer at auka bruk av delegasjonsmyndet dei siste åra ikkje har påverka resultatet av saksbehandlinga.

**Tabell 3.2.4 Resultat av saksbehandlinga 2014**

	Medhald	Stadfesta	Del medhald
Klagesaker	312	892	26 %
22. juli 2011-saker	18	33	35 %
Regressaker	19	150	11 %
Totalt	349	1075	25 %

**Rapporteringskrav 6: Tal søksmål**

Statens sivilrettsforvaltning har i 2014 fått to søksmål på vegner av nemnda. Ei sak gjeld ordinær prøving av om forvaltningsvedtak er gyldig. Det andre gjeld hendingane 22. juli 2011. Her er det lagt ned påstand om oppreisingserstatning etter skjønnet i domstolen. Dette er første søksmålet som dreier seg om realitetsbehandling av oppreising. Det har ikkje falle dom i sakene i 2014.

**Rapporteringskrav 7: Delen vedtak som blir gjorde om av domstolen, eller som blir kritiserte av Sivilombodsmannen**

Statens sivilrettsforvaltning har fått éi rettsavgjerd i 2014 på bakgrunn av stemning innkommen i 2013. I dom frå Borgarting lagmannsrett 3. februar 2014 blei anken frå staten over dommen i Oslo tingrett 8. mai 2013 forkasta, slik at vedtaket i nemnda er kjent ugyldig.

Det er klaga inn sju saker for Sivilombodsmannen i 2014. Sivilombodsmannen fann ikkje grunnlag for å kritisere forvaltningsbehandlinga i nokon av sakene.

Sivilombodsmannen har i november 2014 gitt ein generell uttale, der det blei retta kritikk mot praksisen i nemnda på to område: betydninga av forelding i saker som blir behandla

etter valdsoffererstatningsforskrifta, og vurdering av om sakskostnader kan dekkjast i saker der erstatningssøknaden ikkje fører fram. Sivilombodsmannen vurderer det slik at praksisen i nemnda i desse sakstifella manglar rettsleg grunnlag. Justis- og beredskapsdepartementet er varsla om uttalen frå Sivilombodsmannen.

Statens sivilrettsforvaltning oppfattar den generelle uttalen frå Sivilombodsmannen som eit argument for å gå gjennom og evaluere dei rettsreglane som regulerer dei aktuelle problemstillingane.

#### **Andre oppgåver i tildelingsbrev for valdsofferfeltet**

Nemnda har i tre saker tilkjent valdsoffererstatning tilsvarande det maksimale lovfesta beløpet på 20 G. Ingen saker har nådd maksimalbeløp på 40 G eller 60 G i 2014.

### **3.3 Erstatning etter strafforfølgning**

Erstatning etter strafforfølgning blir ytt på grunnlag av politietterforsking eller anna strafforfølgning frå staten mot enkeltpersonar og føretak. Ein strafforfølgd kan krevje erstatning etter strafforfølginga dersom saka er lagd vekk eller endar med frifinnande dom. Statens sivilrettsforvaltning behandlar og avgjer krav mot staten om erstatning etter strafforfølgning. Det er ikkje råd å klage på vedtaka, men dei kan førast inn for domstolen for realitetsprøving.

Saksinngangen har auka dei siste åra, sjå hovudtal nedanfor. Vi kan sjå auken i samanheng med auka løyvingar til politi og påtalemakt, som vi reknar med har ført til at fleire saker blir etterforsa, og at politiet i større grad behandlar krava etter kvart. Vi ventar følgjeleg ein viss auke i saksmengda også i 2015.

Talet på behandla saker auka med seks prosent frå året før og balanserte med inngangen av saker. Statens sivilrettsforvaltning har redusert den gjennomsnittlege saksbehandlingstida si med ni månader i perioden 2010–2014. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida er to månader, noko vi ser på som tilfredsstillande. Kravstillarane får dermed rask avklaring, noko som harmonerer med hovudmålet til regjeringa om god rettstryggleik for individ og grupper.

Ei stabil og røynd saksbehandlargruppe har gjennomført fleire effektiviseringstiltak og dermed gjort kapasitetsauken mogleg, i tråd med hovudmålet om ein meir effektiv justissektor. Vi har i 2014 også besøkt somme politidistrikt med føredrag om regelverket og rettskjeldene, for på den måten å bidra til effektiv saksbehandling også der.

Generelt vil Statens sivilrettsforvaltning reise spørsmål om kor formålstenleg ordninga med førebuande behandling av erstatningssakene hos politiet i alle saker er. Basert på kva type saker det er, bør det etter vår vurdering vere tilstrekkeleg at Statens sivilrettsforvaltning behandlar saka utan at politiet skal førebu henne på førehand. Uttalar kan eventuelt hentast inn der ein ser dette som nødvendig ut ifrå kor omfattande saka er, og kva type sak det dreier seg om. Dette vil også gi kortare saksbehandlingstid. Dagens ordning inneber i snitt eit tillegg på fem månader i saksbehandlingstid, jf. tabell 3.3.1.

**Tabell 3.3 Resultat 2010–2014**

Resultat	2014	2013	2012	2011	2010
Innkomne saker	<b>782</b>	740	636	647	595
Behandla saker	<b>801</b>	729	750	855	791
Restanse	<b>108</b>	124	109	223	470
Saksbehandlingstid, SRF og Politiet	<b>7 md.</b>	7 md.	8 md.	12 md.	16 md.
Saksbehandlingstid, SRF	<b>2 md.</b>	2 md.	3 md.	8 md.	11 md.
Saksbehandlingstid, Politiet	<b>5 md.</b>	5 md.	5 md.	5 md.	5 md.
Del saker der erstatning blir tilkjend	<b>56 %</b>	52 %	52 %	53 %	54 %
Utbetalinger (mill. kr)	<b>13,4</b>	16,9	22,3	18,9	30,6

Domstolane har gjort om vedtaket i mindre enn éin prosent av sakene i 2014. Dette er på linje med tidlegare år. Av dei fire rettskraftige avgjorde dommene i 2014 blei staten fullstendig frifunnen i tre saker, og staten tapte i éi sak. Statens sivilrettsforvaltning har ikkje fått klager sende til Sivilombodsmannen i saker frå dette fagfeltet.

Som eit ledd i kvalitetsarbeidet under hovudmålet om god rettstryggleik for individ og grupper og delmålet om formålstenlege erstatningsordningar viser vi til forslaget som Statens sivilrettsforvaltning tidlegare har fremja om endringar i straffeprosesslova kapittel 31, og til utvalet som skal vurdere framlegg til ny straffeprosesslov.

### 3.4 Fri rettshjelp

Ordninga med fri rettshjelp har som formål å sikre nødvendig juridisk hjelp til personar som ikkje sjølve har økonomiske føresetnader for å kunne ta hand om rettshjelpsbehov som er svært viktige for dei personleg og velferdsmessig. For at ordninga skal kunne oppfylle formålet sitt, er det svært viktig at dei økonomiske grensene er på rett nivå.

Tendensen i perioden 2010–2013 har vore ein nedgang av varierende storleik i talet klagesaker på fagfeltet. Vi reknar med at nedgangen heng saman med at formues- og inntektsvilkåra for fri rettshjelp har vore uendra sidan 1. januar 2009. Inntektsgrensa for einslege som får fri rettshjelp, er 246 000 kroner, og for dei som lever saman med felles økonomi, 369 000 kroner. Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at det i 2013 var om lag 210 000 færre personar over 17 år som hadde inntekt under 299 999 kroner samanlikna med 2009. Utviklinga i inntekt fører til at stadig færre personar oppfyller vilkåra for fri rettshjelp, og det er dermed ei utfordring at inntektsgrensene ikkje er auka i samsvar med utviklinga i den generelle lønns- og prisveksten i perioden. Vidare skal det i samsvar med lov og rundskriv førast ein restriktiv praksis når det gjeld å gi dispensasjon frå dei økonomiske vilkåra.

Vi reknar også med at nedgangen i talet på klagesaker til ein viss grad heng saman med at regelverket og praksis gradvis er blitt meir kjende og føreseielege for advokatar og rettshjelpaparar som yter hjelp etter ordninga med fri rettshjelp. Dette bidrar blant anna til at det sjeldnare enn tidlegare blir sette fram klager i saker der det etter praksis klart ikkje ville vere grunnlag for å innvilge klaga.

Saksinngangen har likevel auka med 15 prosent frå 2013 til 2014. Auken heng blant anna saman med at det i denne perioden kom inn eit stort tal søknader om fri sakføring i samband med rettsleg prøving av ein returavtale, og at det har vore ein auke i talet søknader om fritt rettsråd som gjeld omgjeringskrav over vedtak frå Utlendingsnemnda.

Generelt erfarer Statens sivilrettsforvaltning at mange klagesaker gjeld sakstypar som er gjorde prioriterte på grunn av det saka har å seie for velferda til søkjaren. Av desse sakene får vi særleg utlendingssaker, saker om personskade, barnefordeling og felleseigeskifte. Tema for klagesaka vil ofte vere spørsmål om utvida løyve til fritt rettsråd. Dette gjeld særleg i klagesaker med personleg frammøte for Utlendingsnemnda. Regelmessig får vi også klagesaker som gjeld økonomisk dispensasjon og saker som blir sagt å ha sterke likskapstrekk med dei prioriterte sakstypane. Av dei sistnemnde viser vi særleg til uprioriterte barnevernssaker og saker der det blir gitt opp at det er personskade.

For å møte auken i saksinngangen i 2014 har Statens sivilrettsforvaltning i 2014 sett i verk effektiviseringstiltak for å auke kapasiteten på saksbehandlarsida. Tiltaka har hatt effekt. Det har vore ein auke i talet på behandla saker, og restansen er redusert i 2014.

**Tabell 3.4 Resultat 2010–2014**

Resultat	2014	2013	2012	2011	2010
Innkomne saker	<b>463</b>	402	414	457	562
Behandla saker	<b>490</b>	386	388	514	546
Restanse	<b>20</b>	59	47	33	50
Saksbehandlingstid	<b>1 md.</b>	1 md.	1 md.	1 md.	1 md.
Del klager som får medhald	<b>7 %</b>	6 %	10 %	11 %	12 %

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid er som føregåande år éin månad.

Statens sivilrettsforvaltning skal vere med på å sikre ein mest mogleg einsarta praksis og også auke kompetansen på rettsfeltet blant fylkesmannsembeta. Vi reknar med at nedgangen i delen saker som får medhald i 2013 og 2014, jf. tabell 3.4.1. heng saman med at Statens sivilrettsforvaltning har fast kontakt med fylkesmannsembeta. Vi ser det slik at ulike samhandlingstiltak med fylkesmannsembeta kombinert med publisering av avgjerder om fri rettshjelp og salær på Lovdata samla sett medverkar til at det jamt over blir ført ein relativ lik praksis blant fylkesmannsembeta og i Statens sivilrettsforvaltning. Dette blir reflektert i den låge omgjeringprosenten.

Sjølv om klagebehandlinga ikkje fører til omgjering, erfarer Statens sivilrettsforvaltning at vedtaket i ein del saker får ei anna grunngeving ved klagebehandlinga. Dette må ein sjå i samheng med at regelverket om fri rettshjelp og salær til dels er svært skjønnessmessig, og at det regelmessig er behov for avklaringar av prinsipielle spørsmål knytte til korleis regelverket skal tolkast.

Mens vi ventar på eventuelle regelverksendringar, er Statens sivilrettsforvaltning i dialog med departementet om dei utfordringane som særleg gjer seg gjeldande på fagfeltet, som dagens inntektsgrenser og behov for oppdatering av gjeldande rundskriv.

Inntil 31. desember 2014 har Statens sivilrettsforvaltning hjelpt Justis- og beredskapsdepartementet med å ta imot og gå gjennom rapportar frå spesielle rettshjelpstiltak som får tilskot under kapittel 470, post 72 i statsbudsjettet. Frå 1. januar 2015 har Statens sivilrettsforvaltning fullt ut teke over ansvaret for å forvalte tilskotsordninga. Ordninga med tilskot til spesielle rettshjelpstiltak, som frå og med 2015 er øyremerkte<sup>1</sup>, har som formål å leggje til rette for kostnadseffektive rettshjelpstilbod retta mot særleg utsette grupper og menneske i ein spesielt vanskeleg situasjon, som kan oppfatte at terskelen for å oppsøkje ordinær juridisk hjelp er høg.

<sup>1</sup> [Prop. 1 S \(2014–2015\) kap. 470 post 72](#) og [Innst. 6 S \(2014–2015\) s.39](#)



### 3.5 Rettfjerdsvederlag

Rettfjerdsvederlagsordninga er Stortingets eiga ordning, og sakene blir avgjorde av Stortingets utval for rettfjerdsvederlag. Formålet med ordninga er at enkeltpersonar som har vore utsette for kritikkverdige forhold frå det offentlege, kan søkje om å få tilkjent rettfjerdsvederlag frå staten når dei ikkje har høve til å få dekt kravet sitt på annan måte. I rolla si som sekretariat for Stortingets utval for rettfjerdsvederlag har Statens sivilrettsforvaltning ein sentral funksjon ved å sikre at sakene blir utgreidde og behandla med god kvalitet i faginstansane før utvalet fattar vedtak. For å sikre likebehandling og kompetanseutvikling held Statens sivilrettsforvaltning regelmessige fagmøte med utvalet og dei mest sentrale faginstansane.

Talet på søknader har samla sett gått ned dei seinare åra. Den samla saksbehandlingstida har gått noko ned samanlikna med tidlegare år, men er framleis relativt lang. Dette kjem hovudsakleg av at sakene ligg langt tilbake i tid, slik at det kan ta tid for dei faginstansane som førebur sakene, å hente inn dokumentasjon frå fleire ulike offentlege instansar. Som eit effektiviseringstiltak har Statens sivilrettsforvaltning i 2014 sett i verk elektronisk dokumentutveksling med dei mest sentrale faginstansane. Dette inneber raskare og sikrere saksutveksling mellom Statens sivilrettsforvaltning og desse faginstansane.

Årsaka til nedgangen i talet på innkomne søknader er særleg at det kjem inn færre søknader etter særordningane som Stortinget vedtok i 2005. Det er ei naturleg utvikling sidan brukargruppene for særordningane i stor grad har fått søknadene sine behandla. Inngangen av nye søknader etter alminneleg ordning har vore relativt stabil i perioden 2009–2013. I 2014 har det likevel vore ein nedgang på 24 prosent i talet på nye søknader etter alminneleg ordning samanlikna med 2013.

Utbetalt rettfjerdsvederlag er halvert frå 2013 til 2014. Dette kjem av at talet på innkomne og behandla søknader er redusert betydeleg i 2014. Vidare viser vi til at færre saker blir behandla etter særordningane, der innvilgingsprosenten og rettfjerdsvederlagsbeløpet har vore høgare enn etter den alminnelege rettfjerdsvederlagsordninga.

**Tabell 3.5.1 Resultat 2010-2014**

Resultat	2014	2013	2012	2011	2010
Innkomne saker	<b>442</b>	602	647	830	760
Behandla saker	<b>513</b>	815	866	1220	1256
Restanse	<b>681</b>	743	996	1218	1372
Saksbehandlingstid	<b>16 md.</b>	18 md.	18 md.	22 md.	-
Utbetalingar (mill. kr.)	<b>30,4</b>	61,0	64,8	104,0	130,9

Av dei 513 søknadene som blei behandla i 2014, blei 443 avgjorde av Stortingets utval for rettfjerdsvederlag, medan 70 blei avslått frå realitetsbehandling av Statens sivilrettsforvaltning.<sup>2</sup>

Av den totale restansen på 682 saker er 49 prosent av sakene frå 2014, 45 prosent frå 2013, 5 prosent frå 2012, mens 1 prosent av sakene er frå 2011.

Det blei innvilga rettfjerdsvederlag i 51 prosent av dei behandla sakene i 2014. Til samanlikning har innvilgingsprosenten vore mellom 76 og 61 i perioden 2010–2013. Vi må

<sup>2</sup>Statens sivilrettsforvaltning er gitt fullmakt til å avvise saker som av ulike årsaker ikkje blir vurderte til å vere omfatta av rettfjerdsvederlagsordninga, jamfør Innst. S. nr. 4 (1999–2000).



sjå nedgangen i samanheng med at ein større del av sakene dei seinare åra er behandla etter alminneleg rettferdsvederlagsordning, som har eit høgare beviskrav og dermed lågare innvilgingsprosent enn særordningane.

Tabellen under viser utfallet av søknadsgrunnlag behandla etter alminneleg ordning.

**Tabell 3.5.2 Utfall av søknadsgrunnlag etter alminneleg ordning 2014**

Søknadsgrunnlag etter alm. ordning	Tal	Del innvilga	Del avslått
Svikt i barnevernstenesta	233	34 %	66 %
Manglar ved skolegang	219	21 %	79 %
Spesialscole – kritikkverdige forhold	8	50 %	50 %
Behandlingsheimar – kritikkverdige forhold	8	12 %	88 %
Fysiske/seksuelle overgrep	66	21 %	79 %
Pasientskade	23	13 %	87 %
Anna	40	0 %	100 %

### 3.6 Sekretariatet for Den rettsmedisinske kommisjonen

Statens sivilrettsforvaltning tek hand om sekretariatsfunksjonen for Den rettsmedisinske kommisjonen. Utover dei oppgåvene som sekretariatet er pålagde etter forskrift om Den rettsmedisinske kommisjonen, har vi i 2014 hjelpt Innstillingsrådet for Den rettsmedisinske kommisjonen i samband med at dei blei etablerte som råd, og også med utlysing og mottak av søknader til verv i Den rettsmedisinske kommisjonen. Statens sivilrettsforvaltning har teke hand om sekretariatsfunksjonen for Innstillingsrådet og har teke del på møta deira.

Som det går fram av figur 3.6, var det ved inngangen til 2014 ein betydeleg restanse hos Den rettsmedisinske kommisjonen. Dette kjem i all hovudsak av utfordringar i samband med at det blei innført nytt elektronisk saksbehandlingssystem våren 2013. Statens sivilrettsforvaltning har i 2014 hatt særleg merksemd retta mot å tilby hjelp og opplæring ved behov, rette feil i systemet og foreslå tiltak for forenkla arbeidsprosessar.

Ved utgangen av 2014 er restansen vesentleg redusert, og det er behandla meir enn 3000 fleire erklæringar i 2014 enn i 2013. Den formidable innsatsen til kommisjonen har tidvis vore svært arbeids- og ressurskrevjande også for sekretariatet.

**Tabell 3.6 Saksutvikling inkomne<sup>3</sup>, behandla og restanse**

Resultat	2014	2013	2012	2011
Innkome saker	7124	6716	6710	7793
Behandla saker	7922	4877	6756	8037
Restanse	1302	2366	545	406

I tråd med oppgåve 7 i tildelingsbrevet skal Statens sivilrettsforvaltning etter behov hjelpe det toårige pilotprosjektet med overføring av oppgåver til Brøset. Det blei i møte 18. november 2014 mellom representantar for pilotprosjektet, Den rettsmedisinske kommisjonen og Statens sivilrettsforvaltning avtalt at det ikkje kjem til å bli gjennomført ei oppgåveoverføring i prosjektperioden. Statens sivilrettsforvaltning skal etter nærare avklaringar med Justis- og beredskapsdepartementet ikkje ta del i referansegruppa til pilotprosjektet. Elles viser vi til eigen årsrapport for Den rettsmedisinske kommisjonen.

<sup>3</sup> Inkluderer både primær- og tilleggserklæringar

### 3.7 Sekretariatet for Barnesakkunnig kommisjon

Statens sivilrettsforvaltning tek hand om sekretariatsfunksjonen for Barnesakkunnig kommisjon. Som det går fram av tabell 3.7, har tendensen med ein aukande inngang i saker som har vore gjeldande for perioden frå 2011 til 2013, snudd i 2014. Nedgangen i talet på innkomne saker er på ni prosent samanlikna med 2013.

**Tabell 3.7 Saksutvikling innkomne, behandla og restanse**

Resultat	2014	2013	2012	2011
Innkomne saker	913	1004	975	866
Behandla saker	908	985	988	857
Restanse	4	19	0	13

Barnesakkunnig kommisjon har eit resultatkrav på saksbehandlingstid på åtte verkedagar, som blir innfridd i 83 % av sakene.

For meir informasjon om verksemda i Barnesakkunnig kommisjon viser vi til årsrapporten frå kommisjonen.

### 3.8 Andre fagfelt

#### Erstatning som følgje av manglande utbetalt oppreisning etter trafikkulykker

Statens sivilrettsforvaltning har sidan august 2013 behandla krav om erstatning for manglande utbetalt oppreisning etter trafikkulykker som skjedde i perioden frå 1. januar 1997 til 31. januar 2000, som følgje av Høgsteretts dom 22. november 2012 (Rt-2012–1973). Fristen for å melde krav etter ordninga var 8. august 2014. Eventuelle krav som er eller vil bli sette fram etter dette tidspunktet, blir i utgangspunktet sett på som forelda.

Samla for åra 2013 og 2014 har det komme inn 97 krav. Per 31. desember 2014 var to krav ikkje ferdig behandla som følgje av manglande nødvendig dokumentasjon i sakene. Statens sivilrettsforvaltning har ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på inntil to månader i sakene.

Det blei tilkjent erstatning i 47 % av sakene i 2014 mot 27 % i 2013.

Det er per 31. desember 2014 betalt ut kr 2 062 783 på kapittel 471, post 71. Samla for åra 2013 og 2014 er det betalt ut kr 2 402 044 på kapittel 471, post 71.

#### Konkursrådet og sekretariatet for rådet

Statens sivilrettsforvaltning tek hand om sekretariatsfunksjonen for Konkursrådet og har i samarbeid med Konkursrådet arrangert grunnkurs i bubehandling i 2014 for deltakarar frå domstolar, bustyrarar, skattestyresmakter, politi og revisorar frå Trøndelag og distrikta rundt. I arbeidet med målretta førebygging og nedkjemping av konkursskriminalitet har konkurrerådet fast samarbeid med Oslo politidistrikt for å følgje opp straffbare forhold i konkursar. Det faglege innhaldet på heimesida er oppdatert, og Konkursrådet har hjulpet Brønnøysundregistra ved Konkursregisteret med å utvikle tenesta «Konkursbehandling i Altinn» vidare.

I høve 20-årsjubileet for Konkursrådet i 2014 blei det arrangert ein konferanse med hovudtemaet «personlege skyldnarar». Konkursrådet har etter konferansen starta eit prosjektarbeid om det same temaet.

#### Garantiordning for bubehandling ved mistanke om økonomisk kriminalitet

Statens sivilrettsforvaltning tok 14. november 2014 over oppgåva med å forvalte Justis- og

beredskapsdepartementets særskilde garantiordning for bubehandling. Ordninga rettar seg mot konkursbu der det ligg føre mistanke om økonomisk kriminalitet, og der det ikkje er midlar til framleis bubehandling. Formålet med framleis bubehandling skal vere å avdekkje straffbare forhold som kan vere grunnlag for at påtalemakta kan etterforske og straffefølgje saka.

Søknader om garanti på inntil 100 000 kroner inklusive meirverdiavgift kan stillast av retten, etter avklaring med Statens sivilrettsforvaltning av om det er midlar tilgjengelege under ordninga. Søknader om garanti på over 100 000 kroner blir avgjorde av Statens sivilrettsforvaltning. Statens sivilrettsforvaltning må sjå til at nytt og gammalt ansvar til kvar tid ikkje kjem over 33 millionar kroner. Statens sivilrettsforvaltning har i 2014 sett i gang forvaltning av ordninga og behandling av enkeltsaker.

### Stadfesting av testamente og tomtefeste

Statens sivilrettsforvaltning fekk fem søknader om stadfesting av testament i 2014. Fire søknader blei behandla. Per 31. desember 2014 var det to saker i restanse.


Vidare fekk og behandla Statens sivilrettsforvaltning éi klage over vedtak om fristoppreisning i tomtefestesteak. Per 31. desember 2014 var det to saker i restanse.

## 3.9 Forklaring av ressursbruk

Den totale saksproduksjonen har i perioden frå 2010 til 2013 vore relativt stabil, jf. figur 3.9. I den same perioden har talet på årsverk auka frå 42 i 2010 til 60 i 2013. At veksten i talet på tilsette ikkje gir større utslag i den totale produksjonen, har fleire årsaker. Eit sentralt moment er at det i perioden gradvis har komme inn mange færre saker om rettfærdsvederlag, medan det har vore ein vekst i talet på klagesaker om valdsoffererstatning, der sistnemnde er betydeleg meir ressurskrevjande å behandle. I tillegg har Statens sivilrettsforvaltning fått ansvar for verjemålsområdet med fleire ansvarsområde utover ordinær klagesaksbehandling. Sekretariatet for Barnesakkunnig kommisjon, sekretariatet for Konkursrådet og Garantiordning for bubehandling er også lagde til Statens sivilrettsforvaltning i perioden. Sekretariatet for Den rettsmedisinske kommisjonen var i 2012 og delar av 2013 også styrkt med eitt ekstra årsverk blant anna på grunn av meirarbeid som følgje av 22. juli-saka.

Veksten i total produksjon er likevel markant høgare i 2014 samanlikna med 2013, samtidig som talet på årsverk er marginalt lågare. Tiltaka som er utførte for å auke effektiviteten i 2014, ser derfor ut til å ha gitt resultat.

**Figur 3.9 Behandla saker og tal årsverk 2010–2014**



Statens sivilrettsforvaltning har eit mindreforbruk på om lag fem prosent av tildeling på kapittel 473, post 01 i 2014. Mindreforbruket kjem i hovudsak av refusjonar av sjuke- og fødselspengar og eit lågare aktivitetsnivå enn planlagt for Konkursrådet. I tillegg kjem ein del av utgiftene knytte til å arrangere B-kurs 2014/2015 (kurs i regi av Den rettsmedisinske kommisjonen) først i 2015. Inntektene for kurs er mottekne og rekneskapsførte i 2014. Mogleg overføring på kapittel 473, post 01 i 2014 på 2 188 595 kroner vil vi søke om å overføre til 2015, jf. note B i årsrekneskapen.

Mindreforbruket på kapittel 469, post 01 blei høgare enn tidlegare estimert og meldt inn til Justis- og beredskapsdepartementet i september 2014. Restbeløp på kapittel 469 er om lag 2,0 millionar kroner. Årsakene til mindreforbruket er fleire, som vakante stillingar, halvårsverknad på fleire stillingar i verjemålsavdelinga og reduserte kostnader til revisoroppdraget for nasjonal revisjon. Ein betydeleg del av årsverksressursane i verjemålsavdelinga har i perioden sidan etableringa vore knytte til verjemålsprosjektet i regi av Justis- og beredskapsdepartementet. Blant anna som følgje av utskiftingar i 2014 i avdelinga, også på leiarsida, og ein høgare inngang av klagesaker enn estimert har det vore behov for fleire saksbehandlarar. Det har likevel vore ei svært krevjande oppgåve å både skulle levere ressursar til prosjektet, gi god opplæring og ta hand om nytilsette og samtidig køyre ytterlegare rekrutteringsprosessar utover dei som blei gjennomførte, for å dekkje opp ressursbehovet. Rekruttering av juridiske saksbehandlarar har dermed blitt noko forskuva. Nye saksbehandlarar er likevel no tilsette og har teke til, eller kjem til å ta til, i stillingane sine ultimo 2014 og primo 2015. Statens sivilrettsforvaltning søker om å overføre fem prosent av tildelt løyving på kapittel 469, post 01 til 2015, jf. note B i årsrekneskapen. Mogleg overføring er kr 691 260.

## 4. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMMA

### Strategiplan 2014–2017

Statens sivilrettsforvaltning har i 2014 vedteke ein fireårig strategiplan. Planen gir retningsval og satsingsområde i perioden og er eit viktig styringsverktøy i verksemda.

### Risikostyring

Den overordna risikovurderinga leiinga gjennomfører tertialvis, viser at risikobiletet gjennomgåande er tilfredsstillande, men at det er nokre risikoområde verksemda har merkt seg. Dette gjeld blant anna risikoen for manglande kapasitet og kompetanse ved tidspunkt for overføring av drifts- og vedlikehaldsansvaret for verjemålsapplikasjonen frå Justis- og beredskapsdepartementet til Statens sivilrettsforvaltning. Risikodempande tiltak er sette i verk i form av nødvendig rekruttering og oppretting av eit mottaksprosjekt i verksemda. Ytterlegare tiltak kjem til å bli sette i verk i 2015.

### Styringssystem for informasjonstryggleik

Statens sivilrettsforvaltning har i 2014 etablert eit styringssystem for informasjonstryggleik, jf. krav i tildelingsbrevet for 2013. Til grunn for arbeidet ligg ein informasjonstryggleiksstrategi med ei framstilling av roller og ansvar på området. Vidare er det oppretta eit informasjonstryggleiksutval som har eit operativt og koordinerande ansvar for informasjonstryggleiksarbeidet i verksemda. Verksemda har som del av dette arbeidet også etablert funksjonen som personvernombod.

### *Sakstilhøve departementet har bede om særskild rapportering på*

### Personalpolitikk

Per 31.12.2014 tel statens sivilrettsforvaltning 63 tilsette. Av desse er 42 (67 prosent) kvinner og 21 (33 prosent) menn. Statens sivilrettsforvaltning har som mål å ha eit inkluderande arbeidsliv der medarbeidarane skal spegle av mangfaldet i befolkninga og ha ein variert erfaringsbakgrunn med tanke på kjønn, alder, nedsett funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Det blir lagt vekt på desse forholda i rekrutteringsprosessane i verksemda, og dei blir også spegla av i stillingsannonsane for Statens sivilrettsforvaltning.

Statens sivilrettsforvaltning er IA-verksemd. Som ein del av dette har vi sett som målsetjing å tilby IA-plass til personar som av ulike årsaker har utfordringar med å komme inn på den ordinære arbeidsmarknaden. For å oppnå dette målet er Statens sivilrettsforvaltning ein aktiv samarbeidspartnar med NAV.

### Arbeid med å fjerne tidstjuvar

Målet regjeringa har sett for tidstjuvarbeidet er forankra i dei interne styringsdokumenta til Statens sivilrettsforvaltning (Verksemdsplan 2014 og Strategiplan 2014–2017). Det har vore ein intern prosess der dei enkelte fagavdelingane har gått gjennom og rapportert på det arbeidet som har vore sett i verk, og som det er planlagt å setje i verk for å oppfylle målsetjingar i sentrale styringsdokument.

Merksemda har vore retta mot tiltak som bidrar til å

- optimalisere eiga oppgåveløysing
- forenkle og tydeleggjere informasjon og kommunikasjon til og med brukarar
- styrkje og effektivisere samarbeidet med relevante aktørar

Arbeidet har resultert i tiltak knytte til blant anna å vidareutvikle elektronisk saksbehandling og elektronisk samhandling med relevante aktørarar, å forenkle arbeidsprosessar og å vidareutvikle/revidere informasjon på heimesidene til Statens sivilrettsforvaltning.

Venta effekt av desse tiltaka er effektivisering av saksbehandlinga, betre utnytting av saksbehandlarressursar, kortare saksbehandlingstid og betre og meir målretta informasjon til brukarar.

### **Datatilsynet**

Datatilsynet gjennomførte våren 2014 kontroll hos Statens sivilrettsforvaltning. Datatilsynet gav i den endelege kontrollrapporten Statens sivilrettsforvaltning fire pålegg å følgje opp. Pålegga er følgde opp hausten 2014 og rapporterte til Datatilsynet, som er fornøgd med det arbeidet Statens sivilrettsforvaltning har utført for å lukke avvika. Datatilsynet har avslutta saka. Justis- og beredskapsdepartementet er i tråd med Hovudinstruksen halde orientert om saka.

### **Riksrevisjonen**

Riksrevisjonen har sett i gang ein etterlevingsrevisjon av verjemålsområdet i 2014. Justisdepartementet er revisjonsobjektet, og Statens sivilrettsforvaltning og enkelte fylkesmannsembete er undersøkingsobjekt. Statens sivilrettsforvaltning har i samband med dette hatt eit møte med Riksrevisjonen.

## 5. VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Statens sivilrettsforvaltning vil i 2015 arbeide vidare for å optimalisere oppgaveløysinga i verksemda i tråd med målsetjingane i Strategiplan 2014–2017. Statens sivilrettsforvaltning vil jobbe målretta med å halde oppe nivået både med tanke på kvalitet og volum på fagfelte våre framover.

Fagområdet verjemål står overfor store utfordringar i 2015, og verjemålsordninga vil derfor vere ei prioritert oppgåve også i 2015. Kort sagt kan vi seie at tildelingsbrevet fastset at Statens sivilrettsforvaltning skal sikre ein god styringsdialog med embeta, og at høg kvalitet skal sikrast i klagesaksbehandlinga. I tillegg ser Statens sivilrettsforvaltning det som nødvendig å redusere klagesaksrestansen. Som grunnlag for å vurdere måloppnåinga skal det gjennomførast ei spørjeundersøking blant fylkesmannsembeta, der styringsdialogen skal evaluerast. Samtidig skal kvaliteten i klagesaksbehandlinga undersøkjast på eigna måte av departementet. I andre tertial skal Statens sivilrettsforvaltning også overta verjemålsapplikasjonen, som framleis ikkje er godkjend. Samla sett står Statens sivilrettsforvaltning derfor overfor krevjande oppgåver som det blir føreset at vi skal løyse innanfor ei knapp tidsramme og kort tid etter at reforma trer i kraft.

Som det er gjort greie for, er avdelinga i ein utviklingsfase, og vi må framleis rekne med at det kjem ønske om og behov for bistand overfor embeta. Ut ifrå dei utfordringane verjemålsapplikasjonen til no har stått overfor, og så langt vi kjenner situasjonen i dag, er det også risiko knytt til overtakinga. Statens sivilrettsforvaltning vurderer heile tida og i dialog med departementet korleis utfordringane kan avbøtast.

Det er ei utfordring at det ikkje er rettspraksis, ombodsmannspraksis eller forvaltningspraksis etter ny verjemålslov. Det kan derfor vere krevjande både å lage rundskriv, gi tolkingsuttalar og gjere vedtak på ein del område – særleg der forarbeida ikkje er tydelege. Embeta og brukarorganisasjonar har formidla mange og ulike ønske og behov om lov-, forskrifts- og rundskrivsendringar overfor Statens sivilrettsforvaltning. Innspela kan vere dels motstridande, og det er både ei fagleg og styringsmessing utfordring å vurdere kva saker som bør prioriterast og følgjast opp. Etableringa av fagforum verjemål (FAVE) er eit ledd i arbeidet med å vurdere slike innspel og dermed bidra til ei rett prioritering.

Statens sivilrettsforvaltning har i del 3 peikt på behovet for å revidere regelverket på fleire av felte våre.

Eit av resultatmåla for Statens sivilrettsforvaltning er ei effektiv behandling av valdsoffererstatningssaker, som vi må sjå i samanheng med målet om ei meir effektiv straffesakskjede. Eit særleg forhold Statens sivilrettsforvaltning vil framheve, er dagens organisering av valdsoffererstatningssaker, der lova legg klagebehandlinga til ei eiga nemnd. Med dei auka krava til effektivitet som blir stilte, blir spørsmålet om ordninga er formålstenleg, reist. Som omtalt under avsnitt 3.2, har talet på valdsoffersaker og klager auka betydeleg dei seinare åra. Utvida delegasjon av mynde til Statens sivilrettsforvaltning har vore heilt avgjerande for å møte saksinngangen. Statens sivilrettsforvaltning behandlar i dag mellom 60 og 70 prosent av klagen. Fleirtalet av klagen blir avgjorde utan nemndsbehandling, som er normalordninga i lova. Delen omgjeringar etter domstolsbehandling, eventuelt etter behandling hos Siviltombodsmannen, har ikkje auka. Dette indikerer at rettstryggleiken blir teken vare på. Domstolane har no også høve til å realitetsbehandle eventuelle oppreisningskrav. Vi vil også peike på at det to-spora klagesystemet etter dagens ordning føreset ei vurdering av kva organ som skal behandle klaga, noko som også tek tid. Etter vår meining bør det derfor vurderast å endre valdsoffererstatningslova slik at Statens sivilrettsforvaltning blir ordinært klageorgan, og at valdsoffererstatningsnemnda blir lagd ned.

Vi finn også grunn til å løfte fram problemstillinga knytt til dekning av saksomkostningar i valdsoffererstatningssaker. Det er i dag fire moglege dekningsalternativ for advokatutgifter knytte til saker om valdsoffererstatning. Eit slikt fragmentert regelverk skaper unødvendig arbeid for valdsoffererstatningsorgana og for advokaten til søkjaren.

Slik vi ser det, er det uheldig at hjelpa under tre av ordningane blir godtgjord med offentleg salærsats, medan dekning etter valdsoffererstatningsordninga blir godtgjord med den timesatsen advokaten sjølv opererer med. Det at det finst fleire moglege dekningsalternativ for den same tenesta, og at desse blir forvalta av ulike offentlege instansar, gjer det utfordrande å føre tilfredsstillande kontroll med om eit krav faktisk er dekt.

Det er i februar 2015 oppnemnt eit utval som skal gå gjennom valdsoffererstatningsordninga. Ved ein revisjon av valdsoffererstatningslova er det derfor ønskjeleg å etablere eit tydelegare regelverk for saksomkostningar, som legg til rette for at ordninga blir forvalta og organisert på ein god måte.

På fagfeltet erstatning knytt til strafforfølgjing vil Statens sivilrettsforvaltning følgje opp eventuelle verknader av fleire regelendingar.

Dei mellombelse retningslinjene frå Riksadvokaten for bruk av politiarrest, som tok til å gjelde 24. juni 2014, inneber at fleire sikta blir lauslatne på eit tidlegare tidspunkt enn det som var tilfellet før retningslinjene tok til å gjelde. Dette kan få følgjer for utbetalingane når det gjeld standardsatsoppreisning i tida framover på saker på fagfeltet erstatning i høve strafforfølgjing.

Stykkprisforskrifta, som regulerer godtgjeringa til framsetjing av kravet, er endra med verknad frå 1. januar 2015. Stykkprisen er redusert frå åtte til fem timar. Statens sivilrettsforvaltning vil følgje med på om endringa kjem til å påverke kvaliteten på krava.



## 6. ÅRSREKNESKAP

### Leiingskommentarar årsrekneskapen 2014

#### *Formål*

Statens sivilrettsforvaltning blei oppretta i 2004 og er lagd under Justis- og beredskapsdepartementet. Statens sivilrettsforvaltning er eit ordinært forvaltningsorgan som fører rekneskap i samsvar med kontantprinsippet.

#### *Stadfesting*

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegnene om økonomistyring i staten, R-115 frå Finansdepartementet, og dei krava som er stilte frå Justis- og beredskapsdepartementet, jf. reglane pkt. 3.4.3.1 og rundskriv R-115. Eg meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane, rekneskapsførte utgifter og inntekter, egedelar og gjeld i Statens sivilrettsforvaltning.

#### *Vurdering av vesentlege forhold*

Statens sivilrettsforvaltning har ei samla disponibel tildeling til driftsutgifter på hovudkapittel 473, post 01 og kapittel 469, post 01 på 59,3 millionar kroner. Samla forbruk på kapittel 473 og kapittel 469 utgjorde 56,8 millionar kroner. Av rapporterte utgifter på kapittel 469 og 473 blei om lag 72 prosent brukt til lønn og sosiale utgifter.

Statens sivilrettsforvaltning har eit mindreforbruk på om lag 5 prosent av tildeling på kapittel 473, post 01 i 2014. Mindreforbruket kjem i hovudsak av refusjon av sjuke- og fødselspengar og eit lågare aktivitetsnivå enn planlagt for Konkursrådet. I tillegg kjem ein del av utgiftene til å arrangere av B-kurs 2014/2015 (kurs i regi av Den rettsmedisinske kommisjonen) først i 2015. Inntektene for kurs er mottekne og rekneskapsførte i 2014. Mogleg overføring på kapittel 473, post 01 i 2014 på 2 188 595 kroner blir søkt overført til 2015, jf. note B i årsrekneskapen.

Mindreforbruket på kapittel 469, post 01 blei høgare enn tidlegare estimert og meldt inn til Justis- og beredskapsdepartementet i 2014. Restbeløp på kapittel 469 er om lag 2,0 millionar kroner. Årsaka til mindreforbruket har fleire årsaker, som ikkje tilsette stillingar, halvårsverknad på fleire stillingar i verjemålsavdelinga og reduserte kostnader til revisoroppdraget for nasjonal revisor. Ein betydeleg del av årsverksressursane i verjemålsavdelinga har i perioden sidan ho vart etablert, vore knytt til verjemålsprosjektet i regi av Justis og beredskapsdepartementet. Blant anna som følgje av utskiftingar i avdelinga i 2014, også på leiarsida, og ein høgare inngang av klagesaker enn estimert har det vore behov for fleire saksbehandlarar. Det har likevel vore ei svært krevjande oppgåve å både skulle levere ressursar til prosjektet, gi god opplæring og ta vare på nyttilsette og samtidig køyre ytterlegare rekrutteringsprosessar, utover dei som blei gjennomførte, for å dekkje opp ressursbehovet. Rekruttering av juridiske saksbehandlarar har dermed blitt noko forskuva. Nye saksbehandlarar er likevel no tilsette og har byrja / kjem til å byrje i stillingane sine ultimo 2014 og primo 2015. Vi ventar dermed at forbruket på kapittel 469, post 01 kjem til å vere i tråd med tildelinga for 2015. Statens sivilrettsforvaltning søker om å overføre 5 prosent av tildelt løyving på kapittel 469, post 01 til 2015, jf. note B i årsrekneskapen. Mogleg overføring er 691 260 kroner.

Statens sivilrettsforvaltning er gitt fullmakt til å belaste enkelte driftsutgifter til Den rettsmedisinske kommisjonen<sup>4</sup> på kapittel 466, post 01. I 2014 utgjorde desse utgiftene 10 millionar kroner.

---

<sup>4</sup> Godtgjeringar for saksarbeid, reise- og kursutgifter.

I tillegg har statens sivilrettsforvaltning fått fullmakt frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet til å belaste kapittel 854, post 22 med 7,6 millionar kroner til drift av Barnesakkunnig kommisjon og sekretariatet for kommisjonen. Av rapporterte utgifter på 7,3 millionar kroner blei om lag 5,5 millionar kroner brukte til å dekkje godtgjeringsar, arbeidsgivaravgift og reiseutgifter til kommisjonen og leiaren for kommisjonen.

Statens sivilrettsforvaltning har i 2014 hatt inntekter på kr 406 403, jf. note 1 Driftsinntekter. Inntekter for Grunnkurs i regi av konkursrådet var kr 149 500 i 2014. Denne inntekta er nettoført på kapittel 473, post 01, i tråd med føringar i Prop. 1 S (2013–2014). Andre inntekter er frå B-kurs i regi av Den rettsmedisinske kommisjonen, resirkulert IT-utstyr og refusjon for arbeidspraksis. Statens sivilrettsforvaltning har dermed innfridd inntektskravet på kr 5000.

Det er utbetalt 30,4 millionar kroner i rettfærdsvederlag over kapittel 471, post 73 og 13,4 millionar kroner i erstatning etter strafforfølgning over kapittel 471, post 72. I tillegg er det utbetalt 2,06 millionar kroner for manglande utbetalt oppreisning etter trafikkulykker og belasta 0,13 millionar kroner på kapittel 470, post 71, jamfør note 6.

*Tilleggsopplysningar*

Riksrevisjonen er ekstern revisor for Statens sivilrettsforvaltning. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert, men vi reknar med at revisjonsmeldinga ligg føre i andre tertial 2015.

Oslo 16. februar 2015

Anne Pauline Jensen



direktør  
Statens sivilrettsforvaltning

## Prinsippnote – Årsrekneskap

Årsrekneskapen for Statens sivilrettsforvaltning er utarbeidd og lagd fram etter nærare retningslinjer fastesette i reglane om økonomistyring i staten.<sup>5</sup> Årsrekneskapen er i samsvar med krav i reglane punkt 3.4.1 og nærare reglar i rundskriv R-115 frå Finansdepartementet.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen.

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som går inn i mellomverande med statskassa.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i reglane punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen.

- a) Rekneskapen følgjer rekneskapsåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i reglane punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Statens sivilrettsforvaltning er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs bank i samsvar med kravet til reglane i pkt. 3.8.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemdar) blir ikkje tilførte likviditet gjennom året. Ved slutten av året blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt ved overgangen til nytt år.

## Løyvingrapportering

Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som Statens sivilrettsforvaltning har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen som Statens sivilrettsforvaltning har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle dei finansielle egedelane og pliktene Statens sivilrettsforvaltning står oppført med i kapitalrekneskapen i staten. Kolonnen «samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post. Statens sivilrettsforvaltning har løyvingar stilte disposisjon over kapittel 470, post 71, kapittel 471, post 71, 72 og 73 og kapittel 466, post 01, som ikkje er talfesta i tildelingsbrev. Det blir dermed ikkje vist i kolonnen for samla tildeling. Utgiftene knytte til disponeringane nemnde over er ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og blir viste i kolonnen for rekneskap.

Mottekne fullmakter til å betale kombinasjonen av kapittel/post (belastningsfullmakter) i ei anna verksemd blir ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og blir viste i kolonnen for rekneskap.

---

<sup>5</sup> Fastsett 12. desember med endringar, seinast 18. september 2013.

### **Artskontorrapportering**

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga. Note 7 til artskontorrapporteringa viser forskjellen mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa.

<b>Oppstilling av bevilgningsrapportering for regnskapsår 2014</b>								
Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling	Regnskap 2014	Merutgift (-) og mindreutgift	
0466	Den rettsmedisinske kommisjon	01	Driftsutgifter		0	10 028 128		
0470	Fri retts hjelp	71	Tilskudd		0	126 064		
0473	Driftsutgifter SRF	01	Driftsutgifter		45 519 892	45 020 385	499 507	
0469	Vergemålsordningen	01	Driftsutgifter		13 857 190	11 784 668	2 072 522	
0471	Oppreisningsersatninger etter trafikkulykker	71	Tilskudd		0	2 062 783		
0471	Uberettiget straffeforfølgning	72	Tilskudd		0	13 438 505		
0471	Rettferds vederlag	73	Tilskudd		0	30 430 000		
0854	Barnesakkyndig kommisjon	22	Diverse		0	7 317 638		0
<i>Sum utgiftsført</i>					59 377 082	120 208 172	2 572 029	
Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst		Samlet tildeling	Regnskap 2014	Merinntekt og mindreinntekt (-)	
3473	Driftsinntekter	01	Driftsinntekter			256 903	256 903	
3473	Refusjon fødselspenge	16	Refusjon av foreldrepenger			1 159 604	1 159 604	
3473	Refusjon sykepenge	18	Refusjon av sykepenge			288 770	288 770	
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse			80 116		
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift			6 945 986		
<i>Sum inntekts ført</i>					0	8 731 379		
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>						<b>111 476 792</b>		
<b>Kapitalkontoer</b>								
60087101	Norges Bank KK /innbetalinger					1 923 244		
60087102	Norges Bank KK/utbetalinger					-113 579 563		
704482	Endring i mellomværende med statskassen					179 527		
<i>Sum rapportert</i>						0		
<b>Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (2014/12)</b>								
Konto	Tekst				2015	2014	Endring	
6260	Aksjer				0	0	0	
704482	Mellomværende med statskassen				-2 517 251	-2 696 778	179 527	

<b>Note A Forklaring av samlet tildeling</b>			
<b>Kapittel og post</b>	<b>Overført fra i fjor</b>	<b>Årets tildelinger</b>	<b>Samlet tildeling</b>
046601	0	0	0
047301	1 748 000	43 771 892	45 519 892
046901	0	13 857 190	13 857 190
047071	0		
047171	0		
047172	0		0
047173	0		0
085422	0		

**Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år**

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre i hht avgitte belastnings- fullmakter	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastnings- fullmakter	Standard refusjoner på inntekstpostene 15-18	Merinntekter iht merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
47 301		499 507		499 507	1 448 374	251 903			2 199 784	2 188 595	2 188 595
46 901		2 072 522		2 072 522					2 072 522	691 260	691 260
85 422	<i>Belastningsfullmakt</i>	357 362		357 362					357 362	383 750	357 362
047071				0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell
047171	<i>"overslagsbevilgning"</i>			0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell
047172	<i>"overslagsbevilgning"</i>			0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell
047173				0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell

\*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se rundskriv R-2/2013 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

**Forklaring til bruk av budsjettfullmakter****Mottatte belastningsfullmakter :**

Statens sivilrettsforvaltning har mottatt belastningsfullmakt på kr 7 675 000 på kapittel 854 post 22 fra Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Mindreforbruket på kr 357 362 søkes overført til neste år

**Fullmakt til å bruke standard refusjoner av lønnsutgifter til å overskride utgifter:**

Mottatte refusjoner på kr 1 448 374 på kapittel 473 post 01 inngår i utregning av mulig overførbart beløp til neste år.

**Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter :**

Statens sivilrettsforvaltnings inntekter etter innfrielse av inntekstkrav (Kr 5000) utgjør kr 251 903 og inngår i utregning av mulig overførbart beløp til neste år på kapittel 473 post 01.

**Oppstilling av artskontorrapporteringen for 2014**

	Note	201412	201312
<b>Inntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinnbetalinger	1	406 403	367 300
Andre innbetalinger	1	0	0
Innbetaling av finansinntekter	1	0	-316
<b>Sum innbetalinger</b>		<b>406 403</b>	<b>366 984</b>
<b>Utgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utbetalinger til lønn og sosiale utgifter	2	57 933 829	54 110 744
Offentlige refusjoner vedrørende lønn	2	-1 448 374	-1 867 421
Utbetalt til investeringer	3	0	41 450
Utbetalt til kjøp av aksjer		0	0
Andre utbetalinger til drift	4	16 366 491	17 830 827
Utbetaling av finansutgifter	4	0	0
<b>Sum utbetalinger</b>		<b>72 851 946</b>	<b>70 115 600</b>
<b>Netto rapporterte utgifter til drift og investeringer</b>		<b>72 445 543</b>	<b>69 748 616</b>
<b>Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	5	0	0
<b>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	6	46 057 352	78 368 791
<b>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer til andre</b>		<b>46 057 352</b>	<b>78 368 791</b>
<b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler</b>			
5700 Folketrygdens inntekter - Arbeids giveravgift		6 945 986	6 494 545
5309 Tilfeldige inntekter (gruppeliv m.m)		80 116	77 726
<b>Sum inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler</b>		<b>7 026 102</b>	<b>6 572 271</b>
<b>Netto utgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>		<b>111 476 792</b>	<b>141 545 136</b>
<b>Oversikt over mellomværende med statskassen</b>			
<b>Eiendeler og gjeld</b>		<b>201412</b>	<b>01.01.2015</b>
Fordringer (legg til linjer og vis på konto)	7	0	1 368
Kasse (legg til linjer og vis på konto)	7	0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank (legg til linjer og vis på	7	0	0
Skyldig skattetrekk	7	-2 548 584	-2 698 146
Skyldige offentlige avgifter (legg til linjer og vis på konto)	7	0	0
Annen gjeld (legg til linjer og vis på konto)	7	31 333	0
<b>Sum mellomværende med statskassen</b>		<b>-2 517 251</b>	<b>-2 696 778</b>



**Note 1 Inntekter rapportert til bevilgningsregnskapet 2014**

	201412	201312
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
Byggesaksgebyr	0	0
Tilsynsavgift elsikkerhet	0	0
Gebyrer / avgift omsetning produksjon sprengstoff første omsetningsledd	0	0
<b>Sum innbetalinger fra gebyrer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
<b>Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Inntekter fra undervisningsoppdrag	406 403	367 300
<b>Sum salgs- og leieinnbetalinger</b>	<b>406 403</b>	<b>367 300</b>
<i>Andre innbetalinger</i>		
<b>Sum andre innbetalinger</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	-316
Valutagevinst (agio)	0	0
Annen finansinntekt	0	0
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>-316</b>
<b>Sum inntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>	<b>406 403</b>	<b>366 984</b>

**Note 2 Utbetalinger til lønn og sosiale utgifter og innbetalinger av offentlige refusjoner vedrørende lønn 2014**

	201412	201312
<i>Utbetalinger til lønn og sosiale utgifter</i>		
Lønninger	34 807 381	32 646 785
Arbeidsgiveravgift	6 945 986	6 494 545
Pensjonsutgifter	0	0
Andre ytelser*	16 180 462	14 969 414
<b>Sum utbetalinger til lønn og sosiale utgifter</b>	<b>57 933 829</b>	<b>54 110 744</b>
<i>Offentlige refusjoner vedrørende lønn</i>		
Sykepenger og andre refusjoner	1 448 374	1 867 421
<b>Sum offentlige refusjoner vedrørende lønn</b>	<b>1 448 374</b>	<b>1 867 421</b>
<b>Antall årsverk:</b>	<b>59</b>	<b>60</b>

\*I andre ytelser inngår i hovedsak utbetaling av godtgjørelser til medlemmer av Den rettsmedisinske kommisjon, Barnesakkyndig kommisjon, Rettferdsutvalget, Volderstatningsnemda og Konkursrådet.

**Note 3 Utbetalt til investeringer 2014**

	201412	201312
Immaterielle eiendeler og lignende	0	0
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffelser	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Nasjonaleiendom og kulturminner	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	0	41 450
Andre utgiftsførte investeringer	0	0
<b>Sum utbetalt til investeringer</b>	<b>0</b>	<b>41 450</b>

**Note 4 Andre utbetalinger til drift og utbetaling av finansutgifter 2014**

	201412	201312
<i>Andre utbetalinger til drift</i>		
Husleie	4 763 080	3 330 873
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	0	0
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	1 952 618	1 255 684
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	0	0
Mindre utstyrsanskaffelser	2 719 354	3 637 560
Leie av maskiner, inventar og lignende	0	0
Konsulenter og andre kjøp av tjenester fra eksterne	2 038 520	4 317 821
Reiser og diett	1 098 353	1 559 264
Øvrige driftsutgifter	3 794 565	3 729 626
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>16 366 491</b>	<b>17 830 827</b>
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	0	0
Agiotap	0	0
Andre finansutgifter	0	0
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Note 5 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten 2015**

	201412	201312
<b>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Note 6 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten 2014**

	201412	201312
Fri rettshjelp	126 064	113 740
Oppreisningserstatninger etter trafikkulykker	2 062 783	339 262
Uberettiget straffeforfølgning	13 438 505	16 890 789
Rettferdsvederlag	30 430 000	61 025 000
<b>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>	<b>46 057 352</b>	<b>78 368 791</b>

**Note 7 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen****Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen**

	201412 Spesifisering av bokført avregning med statskassen	201412 Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Finansielle anleggsmidler*	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Omløpsmidler			
Kundefordringer	34 000	0	34 000
Andre fordringer	0	0	0
Kasse og bank	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>34 000</b>	<b>0</b>	<b>34 000</b>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-1 586	0	-1 586
Skyldig skattetrekk	-2 548 584	-2 548 584	0
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	31 333	31 333	0
<b>Sum</b>	<b>-2 518 837</b>	<b>-2 517 251</b>	<b>-1 586</b>
Langsiktige forpliktelser			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum</b>	<b>-2 484 837</b>	<b>-2 517 251</b>	<b>32 414</b>

Beløpet under annen kortsiktig gjeld skyldes en feilføring av negativ netto lønn som vil bli korrigert i 2015.